

Årsmøte Telemark Bondelag 2010



Stad: Bø Hotell, 3800 Bø

Stad: Fredag 12. og laurdag 13. mars 2010

Fredag 12. mars:

Kl. 17.30 Frammøte – kaffi og rundstykke

Kl. 18.00 *Ny stortingsmelding om landbrukspolitikken*

Innleiing til debatt ved

- Terje Lien Aasland, stortingsrepresentant og leiar av næringskomiteen på Stortinget
- Brita Skallerud, 2. nestleiar, styret i Norges Bondelag
- Hildegunn Gjengedal, politisk rådgjevar, Landbruks- og matdepartementet

Debattleiar: Håvard Altern

Spørsmål og innlegg frå salen

Kl. 20.30 Debatten blir avslutta

Kl. 20.45 Årsmøtemiddag

Laurdag 13. mars:

Kl. 07.30 Frukost

Kl. 08.30 1 Opning av møtet

2 Opprop

3 Godkjenning av innkalling og sakliste

4 Val av to til å skrive under møteboka

Vår dato
2010-02-15

Revisjon

Vår referanse
2010/00007/004

-
- 5 Leiaren si tale
 - 6 Årsmelding 2009
 - 7 Rekneskap 2009
- Debatt på sakene 5, 6 og 7

Brita Skallerud, 2. nestleiar, styret i Norges Bondelag:

→ Situasjonen føre jordbruksforhandlingane

→ Aktuelle saker i Norges Bondelag

Kl. 11.00 Pause

Kl. 11.15 Debatt

Kl. 12.00 8 Fråsegn

Kl. 12.30 Lunsj

Kl. 13.30 8 Fråsegn, forts.

9 Arbeidsplan og budsjett for 2010

10 Val i samsvar med lovane

Orientering om Beiteprosjektet for Agder og Telemark

Kl. 15.30 Avslutning av årsmøtet

Årsmøte i Bygdevis blir halde straks etter at årsmøtet i Telemark Bondelag er avslutta.

Vår dato
2010-02-15

Revisjon

Vår referanse
2010/00007/004**Budsjett 2010 - forslag**

Vedtatt av styret TB 20. januar 2010

Driftsinntekter:	Budsjett	Budsjett	Rekneskap
	2010	2009	2009
Rammeløyving	417 000	406 000	405 860,00
Refusjonar	150 000	150 000	136 602,50
Tilskot	110 000	87 000	302 298,75
Inntekt kontortenester	10 000	40 000	44 000,00
Kurs- og arr. inntekter	430 000	315 000	589 429,00
Annonseinntekter	15 000	20 000	14 000,00
Andre inntekter	10 000	10 000	14 772,95
Inn på tunet	20 000	15 000	10 500,00
Beiteprosjektet	-	-	1 030 799,49
Sum driftsinntekter	1 162 000	1 043 000	2 548 262,69
Driftskostnader:			
Løn	5 000		7 300,00
Honorar utan arb.avg.	30 000	33 000	40 666,00
Arbeidsgjevaravgift	32 000	30 000	38 372,49
Møtegodtgjering	225 000	200 000	259 450,00
Kontorrekvisita, trykking	25 000	25 000	36 405,25
Reise/diett	80 000	90 000	74 166,00
Møte/kurs	400 000	400 000	603 102,01
Informasjon/materiell	50 000	50 000	41 967,00
Utmarksarbeid	-	15 000	-
Gåver/løyvingar	200 000	130 000	294 251,00
Aktivitetsmidlar lokallaga	57 000	57 000	60 630,00
Sosiale kostnader	3 000	3 000	3 100,00
Refusjon Norges Bondelag	-	30 000	
Fylkesleiar	50 000	30 000	73 141,78
Inn på tunet	20 000		
Refusjon frå lokallag	-		-26 336,00
Beiteprosjektet	-	-	1 030 799,49
Sum driftskostnader	1 177 000	1 093 000	2 537 015,02
Driftsresultat	-15 000	-50 000	11 247,67
Finanspostar			
Renteinntekter	15 000	35 000	15 503,51
Driftsres. + renteinnt.	-	-15 000	26 751,18

Vår dato
2010-02-15

Revisjon

Vår referanse
2010/00007/004

Bruka disp.fond			
AT skog, avsett 2008		15 000	
Overskot/underskot	-	-	26 751,18

Vår dato
2010-02-15

Revisjon

Vår referanse
2010/00007/004

Framlegg for årsmøtet

Arbeidsplan for Telemark Bondelag 2010-2011

I § 1 i lovane til Norges Bondelag heiter det:

Norges Bondelag har til føremål å samle alle som er eller kjenner seg knytt til bondeyrket, for å fremje felles saker, trygge landbruket og arbeide for dei økonomiske, sosiale og kulturelle interessene i bygdene.

Hovudstrategi for Telemark Bondelag

- Skaffe yrkesutøvarane i landbruket likeverdig inntekt og fritid jamført med andre grupper
- Utvikle lønsam næringsverksemd basert på gardens samla ressursar
- Vere haldningsskapande i opinionen, i allianse med andre der det høver
- Utvikle eigen organisasjon

Dette vil vi oppnå ved å prioritere følgjande arbeidsområde:

Eigne medlemmar/lokallag

Kontakt fylkeslag - lokallag

- Gjennomføre regionmøte/delta på alle lokale årsmøte
- Styrke kontakten mellom fylkesstyret og lokallaga, og lokallaga i mellom
- Nytte nye kommunikasjons- og møteformer (t.d. e-post, sms)
- Lokallaga skal gjennomføre årsmøte i månadsskiftet oktober/november
- Involvere lokallaga i møte og arrangement i regi av fylkeslaget.

Skulering

- Tilby lokallaga skulering i organisasjonsarbeid, fokus på nye tillitsvalde
- Skulere fylkesstyret i organisasjonsarbeid

Medlemsverving

Målet er ein medlemsauke i Telemark Bondelag i 2010 på minst 25 medlemmar. Oppmode lokallaga til å ha medlemsverving/rekruttering som styresak i løpet av året

- Fylkeslaget gir lokallaga ein bonus på kr. 100,- pr. verva medlem i 2010

Medlemsinformasjon

- Gi ut telemarksvedlegg til Bondebladet, minst eitt pr. år
- Nytte www.bondelaget.no/telemark og www.landbruketshus.no aktivt som informasjonskanalar
- Bruke e-post/sms mot medlemmar

Informasjonsarbeid/media

Styrkje det utadretta informasjonsarbeidet. Utvikle ”Kjærleik til norsk mat” som kommunikasjonsplattform, og følgje opp Norges Bondelags strategiar på dette området

Vår dato
2010-02-15

Revisjon

Vår referanse
2010/00007/004

Ha oppdaterte nyheiter på www.bondelaget.no/telemark og www.landbruketshus.no

Årlege arrangement

- Open gard, 22. august
- Dyrsku'n i Seljord 10.-12. september
- Vurdere deltaking på Yrkesmesse Telemark

Barn og ungdom

- Samarbeid skule – landbruk (Den grønne skulen)
- Styrkje kontakten og samarbeidet med Søve vidaregåande skule. Kontakt med Høgskulen i Telemark
- Informasjon og motivasjonsarbeid overfor unge bønder.

Politisk arbeid

I tillegg til felles saker i Norges Bondelag, vil vi arbeide for at telemarkslandbruket beheld og aukar sin del av den nasjonale landbruksproduksjonen.

- Jamn kontakt med stortingsrepresentantar/fylkespolitikarar. Ha kontaktpersonar i partia.
- Arrangere regionvise samlingar og møte med politikarar, saman med lokallaga.
- Saksretta alliansebygging med organisasjonar og grupper
- Følgje opp strategisk plan for landbruk og bygdeutvikling i Telemark
- Styrkje kontakten med Fylkeskommunen innanfor området kompetanseheving og andre aktuelle område, i tråd med forvaltningsreformen
- Delta i aktuelle råd og utval
- Gi innspel i høyringssaker

Jordbruksforhandlingane 2010

- Politisk kontaktarbeid føre forhandlingane, samt markeringar. Felles aksjonsdag 21. 14 april
- Studieringar om forhandlingar
- Samordne med andre fylkeslag om felles krav i aktuelle saker
- Aksjonsberedskap
- Samarbeid med øvrige landbruksorganisasjonar i fylket

Ny stortingsmelding om landbruk

- Utforme, og arbeide for gjennomslag for, eigne krav inn mot den nye stortingsmeldinga.

WTO og EU

- Halde beredskap i forhold til utviklinga i WTO-forhandlingane.
- Støtte opp om organisasjonen Nei til EU som koordinator i EU-arbeidet

Landbrukspolitiske strategiar

- Styrebehandle strategidokument på utvalde landbrukspolitiske område

Landbruksbasert næringsutvikling

Vår dato
2010-02-15

Revisjon

Vår referanse
2010/00007/004

Sikre landbruket sin innflytelse over bruken av BU-midlane. Utvikle tradisjonelle og nye næringer på og i tilknytning til bruket.

- Utvikle dei tradisjonelle landbruksnæringane
- Kontakt med aktuelle organisasjonar på områda lokal mat og landbruksbasert reiseliv
- Halde fram som kontaktpunkt for Inn på tunet-nettverk i fylket
- Støtte opp om Bondens Marked i Telemark
- Arbeide for rammevilkår som vil realisere bidrag frå landbruket i klimaarbeidet, og samtidig er lønsame for bonden. Til dømes produksjon av vasskraft, biobrensel og biogass, meir og betre skogskjøtsel
- Arbeide for eit styrka rådgivingstilbod og auka kompetanse i landbruket. Følgje opp regionalt samarbeid mellom Telemark og nabofylka på desse områda.

Areal- og grunneigarsaker

Bidra til å sikre grunneigarrettane, m.a. ved å stimulere til auka verdiskaping basert på utmarksressursane.

- Arbeide for å fjerne flaskehalsar og endre reglar som hemmar næringsutvikling i utmarka
- Skulering og informasjon om ny Plan- og bygningslov
- Bistå lokallaga i arbeidet med kommunale planar og å fordele SMIL-midlar
- Samarbeide med skogsamvirket i utmarkssaker, gjennom eit avtalefesta samarbeid
- Styrkje jordvernet og hindre nedbygging av dyrka mark
- Sikre landbrukets interesser i arbeidet med ny vassforvaltning

Rovviltforvaltning

Sikre telemarkslandbrukets interesser i den regionale rovdyrforvaltninga.

- Arbeide for ei betre bestandsregistrering av rovvilt
- Arbeide for redusert tap av bufe til rovvilt, samtidig som beitebruken vert oppretthalde

Helse, miljø og tryggleik

Telemark Bondelag vil arbeide for å realisere null-visjonen, som seier at det i løpet av utgangen av 2012 ikkje skal vere dødsulykker i landbruket.

- Marknadsføre kurs om praktisk HMS-arbeid
- Arbeide for auka tilslutning til Landbrukets HMS-teneste i Telemark
- Gjennomføre tiltak i felles arbeidsplan med Gjensidige Forsikring
- Redusere talet på alvorlege ulykker i landbruket

Samvirket

Arbeide for større oppslutning om samvirket i Telemark, mellom anna for å styrkje samvirkets rolle som marknadsregulator.

Telemark Bondelag vil samarbeide med samvirket gjennom det avtalefesta regionale samarbeidet. Hovudsak her er Dyrsku'n i Seljord.

Vår dato
2010-02-15

Revisjon

Vår referanse
2010/00007/004

Telemark Bondelag – Innstilling frå valnemnda til årsmøtet 2010

Valnemnda har vore samansett slik:

Åge M. Vrålstad, Drangedal og Tørdal (leiar), Ester Ryen Traen, Tinn, Odd Stensrød, Siljan, Nils-Ole Lien, Vinje. Anne Grethe Evju, Saude og Nes.

Valnemnda har hatt 2 møte på Landbrukets hus, 22. januar og 12. februar. Ester Ryen Traen hadde forfall på møtet 12. februar, Lars S. Tveitan, Heddal møtte som hennar vararepresentant.

Mottatt eitt skriv, frå Eidanger Bondelag.

Valnemnda si innstilling er samrøystes på alle punkt.

I Framlegg til val på årsmøtet

1. Leiar i fylkeslaget

Kjell A. Sølverød, 3748 Siljan, attval, 1 år

2. To medlemmer til styret

Jon Midtbø, 3800 Bø, attval, 2 år

Olav S. Nordbø, 3690 Hjartdal, attval, 2 år

Ikkje på val:

Synne Vahl Rogn, 3960 Stathelle

Tone Edland, 3895 Edland

3. Nestleiar i fylkesstyret

Tone Edland, attval, 1 år

4. Tre vararepresentantar til styret i nummerorden

1. Knut Draugedal, 3864 Rauland, ny, 1 år

2. Ann Kristin Teksle, 3830 Ulefoss, ny, 1 år

3. Eivind Klevar, 3812 Akkerhaugen, ny, 1 år

5. Ein utsending til årsmøtet i Norges Bondelag med tre vararepresentantar i nummerorden

Jon Midtbø, 3800 Bø, ny, 2 år

Vararepresentantar valt for eitt år:

1. Knut Draugedal, 3864 Rauland

2. Ann Kristin Teksle, 3830 Ulefoss

3. Eivind Klevar, 3812 Akkerhaugen

Ikkje på val:

Tone Edland, 3895 Edland

Synne Vahl Rogn, 3960 Stathelle

Vår dato
2010-02-15

Revisjon

Vår referanse
2010/00007/004**6. Møteleiar årsmøtet 2011**

Nestleiar i fylkesstyret

7. Revisorar

Auver Brokka, 3840 Seljord, attval, 1 år

Torstein Sannes, 3810 Gvarv, attval, 1 år

Vara:

Einar Haugen, 3810 Gvarv, attval, 1 år

Anund Holte, 3810 Gvarv, attval, 1 år

8. To medlemmer til valnemnda 2011

Erik Hesby Håtveit, 3848 Morgedal, ny, 2 år

Vara: Kirsti Sandland, 3891 Høydalsmo, ny, 2 år

Ester Ryen Traen, 3656 Atrå, attval, 2 år

Vara: Lars S. Tveitan, 3683 Notodden, attval, 2 år*Ikkje på val:*

Åge Vrålstad, 3750 Drangedal

Vara: Claus Bergsland, 3960 Stathelle

Anne Grethe Evju, 3810 Gvarv

Vara: Lars Arne Kjellemo, 3825 Lunde

Odd Stensrød, 3748 Siljan

Vara: Arnfinn Serkland, 3748 Siljan

Leiar i valnemnda 2011: Åge Vrålstad, 3750 Drangedal, attval, 1 år.

II Godtgjering til tillitsvalde i fylkeslaget

1. Fylkesstyret får møte- og reisegodtgjering etter satsar fastsett av Norges Bondelag. Utgifter ut over desse satsane, t.d. for avløysar, kan godtgjerast etter dokumentasjon.
2. Medlemmer av nemnder og utval får godtgjering tilsvarande for halv dag etter Norges Bondelag sine satsar (for tida 750 kr.).

For valnemnda 2010

Åge M. Vrålstad/s

Amund Johnsrud

Sekretær

Vår dato
2010-02-15

Revisjon

Vår referanse
2010/00007/004

Omtale av kandidatane:

Kjell A. Sølverød, f. 1957

Tillitsverv: leiar i Siljan Bondelag i 5 år. Frå 2006 styremedlem i Telemark Bondelag, nestleiar frå 2007, leiar frå 2009. Rovviltkontakt i fylkesstyret 2006 til 2009. Leiar i Telemark Landbruksselskap og i styret for Dyrsku'n Arr.
Produksjon: sau, storfe, juletreproduksjon.

Olav S. Nordbø, f. 1956:

Tillitsverv: Leiar i lokallaget 4 år, har vore leiar av eldhusprosjektet i Hjartdal. 1. vara til fylkesstyret frå 2005, styremedlem frå 2007.
Produksjon: sau, mjølk, foredling av mjølk, skog/utmark.

Jon Midtbø, f. 1977:

Tillitsverv: Styremedlem i Bø Bondelag frå 2006, leiar frå 2008. 2. vara til styret for Telemark Bondelag 2008, styremedlem frå 2009. Leiar i Telemark Frøalslag.
Produksjon: Korn, gris.

Tone Edland, f. 1970:

Tillitsverv: Leiar i Vinje Bondelag 2003-2006, styremedlem Telemark Bondelag frå 2001. Rovviltkontakt frå 2009. Styremedlem i Telemark Sau og Geit og Norsk Sau og Geit.
Driv som avløyssar for geitmjølkprodusentar i Vinje.

Knut Draugedal, f. 1978:

Produksjon: Mjølk, storfe

Ann Kristin Teksle, f. 1976:

Tillitsverv: nestleiar i lokallaget 2003-2005.
Produksjon: Sau, slaktegris, frukt/bær, skog.

Eivind Klevar, f. 1966:

Tillitsverv: Kasserar i lokallaget 1992-1996, leiar i lokallaget 1998-2001. Tillitsverv i lokalt skogeigarlag.
Produksjon: Korn, frukt/bær, skog.